



Randi Hallaráker (88) i Halsabrotet var klar med pengane då Maylis Stensletten kom med bøssa

TV-aksjonen hadde 14 bøsser i sirkulasjon i Uskedalen dette året og i dei vart det samla inn 33 241 kroner mot 30 346 i fjor. Det gode resultatet er det ein spesiell grunn til å merke seg fordi innsamlarane sin første kommentar var denne: Det var færre heime enn i fjor, Men dei som var heime tok imot innsamlarane med stor velvilje.

Dei som var botreist finn ein lapp på døra med nummeret 820 44 110. Ringer du dette, gjer du 200 kroner til minerydding rundt om i verda.



Rodeleiaren hadde muffins til bøsseberarane, her til Anita Fatland Myklebust

Aksjonen vart smertefritt og effektivt leia av rodeleiar Brit Hallaråker frå basen i Gamleskulen og ho fann grunn til å smile enda meir enn ellers: Det hadde ikkje vore noko problem å skaffa nok bøsseberarar denne gongen og 14 var eit ideelt tal for å få full dekning. Med det talet vart det også mogeleg å setja inn to berarar i kvar av dei mest folkerike 'bydelane' Korsnes og Halsabrotet.

Fleire av berarane må reknast som veteranar og difor løyste dei oppdraget svært effektivt. Rekrutteringa skjedde også gjennom koret Røysterett for alle og kormedlem Sidsel Stigum sa det slik då uskedalen.no ville ha svar på kvifor ho stilte opp:

- Fordi koret vart spurd og då var det litt skammeleg å seia nei. Andre svara at dei i alle tilfeller skulle ha seg ein sundagstur og atter andre at ein slik humanitær innsats er det minste ein kan gjera.

I Gamleskulen skapte rodeleiaren ein god atmosfære, ikkje minst fordi ho spanderte muffins ho hadde baka sjølv samt kaffi og brus på bøsseberarane då dei kom i mål. Det bør bli ein tradisjon!



[Bjørn Olav Tveit klar til innsats saman med Olve og Viljar](#)

I går kveld var det rapportert om ein innsamlingsresultat på 426 291 kroner i heile kommunen. Det blir rundt 32 kroner på kvar innbyggjar, omtrent det same som kvar uskedeling har gjeve til aksjonen.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bøsseberarar ventar på tur: Kristian Stensletten, Mailis Stensletten, Kristian Olav Bringedal, Sidsel Stigum og Venke Vetthus